

H O V U D U T S K R I F T

FOR SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

STYREMØTE

Møtedato: 10. oktober 2019

Tidspunkt: kl. 0900 – 1145

Som medlemmer møtte: George Fulford, Håkon Vestnes, Margareth Leinebø, Anne Holstad og Ole Andreas Sæther

Følgjande medlemmer møtte ikkje: Edel K. Goksøyr og Truls Håbakk

Frå administrasjonen møtte: Einar Heimdal

Andre:

Saker som vart handsama: Sak nr S43/19 – S51/19

Vedtakssaker:

SAK NR S43/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak, samr:

Innkalling og sakliste vart godkjend.

SAK NR S44/19 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ 25. SEPTEMBER 2019

Vedtak, samr.:

Protokollen frå styremøtet 25. september 2019 vart godkjend og signert.

SAK NR S45/19 GODKJENNING AV REKNESKAPET PR. 31. AUGUST 2019

Renovasjonsdelen av rekneskapet går stort sett greitt – og betre på hushaldning enn budsjettert. Største utfordringa er (som før) at det kostar å ha mange miljøstasjonar. Elles skaper fortsatt slamtøminga budsjettmessig krøll for oss. Tøming som skulle vore ferdig i 2018 blir utført vinteren 2019, etc.

Hovudtala pr. 31. august 2019 er slik:

- Overskot totalt:	+ kr 1.191.000 (budsjett: + kr 364.000)
- Underskot hushaldning:	- kr 153.000 (budsjett: - kr 622.000)
- Overskot næring:	+ kr 689.000 (budsjett: + kr 937.000)
- Overskot slamtøming:	+ kr 655.000 (budsjett: + kr 49.000)

Tilråding til vedtak:

Styret tar tala så langt i år til vitande og vedtar rekneskapet pr. 31. august 2019.

Vedtak, samr.:

Styret tar tala så langt i år til vitande og vedtar rekneskapet pr. 31. august 2019.

**SAK NR S46/19
PROGNOSE 2019**

Kjende og moglege avvik er tatt med i prognosen (med utgangspunkt i rekneskapet pr. 31. august 2019). I nokre tilfelle er «worst case-prinsippet» eller forsiktighetsprinsippet nytta. Avskrivningar, inkl. endringane i avskrivningstid, er tatt fullt inn frå aktiveringstidspunktet.

Oppdelt syner prognosen følgjande:

- | | |
|-------------------------------------|--|
| - Totalt underskot SSR: | - kr 872.000 (budsjett: - 1.363.000) |
| - Totalt underskot renovasjon: | - kr 1.484.000 (budsjett: - 1.367.000) |
| - Underskot hushaldningsrenovasjon: | - kr 2.875.000 (budsjett: - 2.536.000) |
| - Overskot næringsrenovasjon: | + kr 1.391.000 (budsjett: + 1.169.000) |
| - Overskot slam: | + kr 613.000 (budsjett: + 2.000) |

Hushaldningsrenovasjonen er før sjølvkostfonddisposisjonane og næringsrenovasjonen er før skatt. M.a.o. resultat av årets drift. Avrundingar kan gjere at det blir små avvik her og der.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande, der prognosen for 2019 syner eit underskot på kr 1.484.000 på renovasjonsdelen og eit overskot på kr 613.000 på slamdelen – totalt eit underskot på kr 872.000 (budsjett: - kr 1.363.000).

Vedtak, samr.

Styret tar orienteringa til vitande, der prognosen for 2019 syner eit underskot på kr 1.484.000 på renovasjonsdelen og eit overskot på kr 613.000 på slamdelen – totalt eit underskot på kr 872.000 (budsjett: - kr 1.363.000). Styret er innforstått med at prognosen kan vere litt usikker på grunn av periodiseringar, og at det – historisk sett – er store kostnader siste månadene i året. Styret er fornøgde med at prognosen for året er marginalt betre enn budsjettet.

**SAK NR S47/19
BUDSJETT OG GEBYRREGULATIV 2020 (3. GANG)**

I forslaget til budsjett for 2020 finn ein følgjande hovudpunkt:

- 5 % påslag på renovasjonsgebyret på hushaldning. Dette for å halde fram med å sikre jamn gebyrutvikling over tid.
- 1 ny stilling er lagt inn og lønnsauken er sett til 2,9 % i 2020.
- Den generelle kostnadsauken er lagt inn med 3,5 % på hushaldning og 4,0 % på næring. Forskjellen kjem av effektiviseringstiltak på hushaldning (digitalisering) og auka satsing på grøn næringsutvikling.

- Eventuelle store investeringar (t.d. i biogassanlegg) er ikkje lagt inn i budsjettet.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2020, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der.

Vedtak, samr.:

Styret vedtar budsjettet og gebyrregulativet for 2020, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Gebyrregulativet blir deretter sendt vidare til kommunestyra i eigarkommunane for endeleg vedtak der. Styret ber om at følgjande blir lagt inn i budsjettet: Budsjettet skal vise styret og administrasjonen si felles forventning om å stadig effektivisere verksemda. Styret ber om at det blir lagt inn ei linje i budsjetteksten med ein målsett effektiviseringskoeffisient på 2 %.

SAK NR S48/19 ØKONOMIPLAN 2020 – 2023 (3. GANG)

I forslaget til økonomiplan for åra 2020 – 2023 finn ein følgjande hovudpunkt:

- 5 % påslag på renovasjonsgebyret på hushaldning i 2020 og 4 % for dei påfølgjande tre åra. Dette for å halde fram med å sikre jamn gebyrutvikling over tid.
- 1 ny stilling er lagt inn i 2020 og lønnsauken er sett til 2,9 % i alle dei 4 åra.
- Den generelle kostnadsauken er lagt inn med 3,5 % i 2020 og 3 % dei tre neste åra på hushaldning og 4,0 % på næring. Forskjellen kjem av effektiviseringstiltak på hushaldning (digitalisering) og auka satsing på grøn næringsutvikling.
- Eventuelle store investeringar (t.d. i biogassanlegg) er ikkje lagt inn i økonomiplanen og renteutviklinga må følgjast nøye framover.

Tilråding til vedtak:

Styret vedtar den framlagde økonomiplanen for perioden 2020 – 2023, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak.

Vedtak, samr.:

Styret vedtar den framlagde økonomiplanen for perioden 2020 – 2023, og tilrår at representantskapet gjer eit likelydande vedtak. Ut i frå miljøomsyn og ei økonomisk vurdering, skal det i 2020 i eit eige prosjekt vurderast om det er hensiktsmessig å inkludere grovavfall i gebyret frå 1. januar 2021. I same prosjektet skal ein også vurdere om grein- og hageavfallet skal gebyrleggast frå 1. januar 2021. Ein effektiviseringskoeffisient skal, med bakgrunn i visse indikatorar, settast inn i økonomiplanen med høvevis 2 %, 1,5 %, 1 % og 1 % for åra 2020 – 2023.

SAK NR S49/19
ORGANISASJON

Saka handlar om oppfølging av arbeidsmiljøet i organisasjonen, vidare om ressursar, roller, kompetanse og ansvar i ein ny organisasjonsplan og til slutt om oppfølginga / utviklinga i sjukefråveret.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa om organisasjon og ny organisasjonsplan til vitande, og ber administrasjonen om å orientere styret dersom nye moment dukkar opp.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa om organisasjon og ny organisasjonsplan til vitande, og ber administrasjonen om å orientere styret dersom nye moment dukkar opp. Styret legg også vekt på kompetansekrav i mellomleiarrollene og ønskjer at administrasjonen i løpet av første halvår kvart år leverer ei evaluering av arbeidsmiljøet, organisering, ressursar og kompetanse.

Orienterings-/drøftings-/vedtaksaker:

SAK NR S50/19
DAGLEG LEIAR ORIENTERER

Dagleg leiar orienterte om følgande:

- Status for biogassprosjektet.
- Utsetting av forureiningsforskrifta til etter VAR-konferansen i januar 2020.
- Status for selskapskontrollen.
- Statsbudsjettet for 2020.
- Strandrydding og statleg feilsatsing.
- Kurs om farleg avfall i eigenregi neste veke.
- Plastsituasjonen og påfølgande dikt om dette i Sunnmørsposten.
- Diverse digitaliseringsprosjekt framover.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande.

SAK NR S51/19
SAKENE TIL MØTET I REPRESENTANTSKAPET 15/11-2019

Kort «peptalk» og diskusjon rundt sakene som skal opp i representantskapet 15. november 2019.

Tilråding til vedtak:

Styret tar orienteringa til vitande.

Vedtak, samr.:

Styret tar orienteringa til vitande og ber styreleiar og dagleg leiar ta med seg innspela som kom i møtet.

Rett utskrift: Søre Sunnmøre Reinhaldsverk, 10. oktober 2019

George Fulford
styreleiar

Håkon Vestnes
nestleiar

Margareth Leinebø

Anne Holstad

Ole Andreas Sæther

Einar Heimdal
dagleg leiar